



HJELMELAND  
KOMMUNE

## Saksframlegg

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kleppa, Torborg	K2 - M12	15/1382

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
007/16	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	11.02.2016

### HØYRING - SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJE SMÅKRAFTVERK - SAGÅNÅ, ØVRE ULLESTADÅNÅ OG KREPPINGDALEN

**Vedlegg:**

Kart småkraftpakke Hjelmeland\_jpe\_v2.pdf

150000162262.PDF

SMÅKRAFTPAKKE HJELMELAND ORIENTERING TIL SENTRALE HØRINGSPARTER OG TIL  
NETTANSVARLIG

HØRINGSBREV. NVES - SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJE TRE SMÅKRAFTVERK

Høringsbrev. NVEs referanse: 201006301-35

**Forslag til vedtak:**

Hjelmeland kommune har ikkje vesentlege merknader til planane for bygging av Sagånå kraftverk, Øvre Ullestadånå kraftverk og Kreppingdalen kraftverk. Kommunen meiner samstundes det er viktig at det blir sett vilkår for utbygginga som avgrensar dei negative konsekvensar for raudlista plante- og fugleartar, og for landskapet.

Hjelmeland, den 01.02.2016

Dag Flacké

Rådmann

Areal- og forvaltningsutvalet - 007/16

**AFU - behandling:**

Forslag frå rådmann - samrøystes vedtatt.

**AFU - vedtak:**



## HJELMELAND KOMMUNE

Hjelmeland kommune har ikkje vesentlege merknader til planane for bygging av Sagånå kraftverk, Øvre Ullestadånå kraftverk og Kreppingdalen kraftverk. Kommunen meiner samstundes det er viktig at det blir sett vilkår for utbygginga som avgrensar dei negative konsekvensar for raudlista plante- og fugleartar, og for landskapet.

### Saksopplysninger:

#### Samandrag

NVE har sendt på høyring tre saker som gjeld bygging av småkraftverk i Hjelmeland. Det gjeld utbygging av Sagånå kraftverk i Målandsdalen der Måland Kraft AS er søkjar og Øvre Ullestadånå kraftverk og Kreppingdalen kraftverk, der Clemens Kraft AS er søkjar. Rådmannen tilrår at kommunen ikkje har vesentlege merknadar til desse planane.

#### Fakta

NVE har sendt på høyring tre saker som gjeld bygging av småkraftverk i Hjelmeland. Det gjeld utbygging av Sagånå kraftverk i Målandsdalen der Måland Kraft AS er søkjar og Øvre Ullestadånå kraftverk og Kreppingdalen kraftverk, der Clemens Kraft AS er søkjar. Desse tre kraftverka er ein del av ein såkalla «småkraftpakke» for Hjelmeland. I utgangspunktet var det med tre kraftverk til, i Lyngsheia og på Nes, men desse er ikkje blitt klar til behandling og difor kjem desse tre på høyring først. Vedlagt kart viser alle kraftverka i «Hjelmelandspakken».

NVE skriv at dei ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Der søknadar blir behandla i grupper, ønskjer NVE innspel på den samla belastninga. Kommunen skal gi fråsegn med utgagnspunkt i kommunen sine ansvarområde, og særleg i forhold til gjeldande arealplanstatus.

#### Sagånå kraftverk:

Fall på 430m mellom kote 500 og 70. Overføring av sidebekken Kjervåna til inntaksdam i Sagånå. Vatnet skal førast i nedgravd røyr i 1530 m langs vestsida av elva. Kraftverket er planlagt med effekt på 2,3 MW og årleg produksjon på 10,5 GWh. Utbygginga medfører om lag 1 km ny veg, opprusting av eksisterande veg, og om lag 3 km med redusert vassføring i Sagånå og Kjervåna. Planlagt minstevassføring er 17 l/s i Sagånå og 5 l/s i Kjervåna, heile året.

#### Øvre Ullestadåna Kraftverk:

Fall på 120 m mellom kote 445 til 325. Vatnet skal førast i nedgravd røyr i 1455 m. Kraftverket er planlagt med effekt på 2,3 MW og årleg produksjon på 8,4 GWh. Utbygginga medfører 2780 m med redusert vassføring. Planlagt minstevassføring er 100 l/s heile året.

#### Kreppingdalen kraftverk:

Fall på 470m mellom kote 540 og 70. Vatnet skal førast i nedgravd røyrgate og i tunnell i 1500 m. Kraftverket er planlagt med effekt på 2,9 MW og årleg produksjon på 7,3 GWh. Utbygginga medfører ei forlenging av eksisterande traktorveg om lag 100 m fram til kraftstasjonen, og ny veg om lag 300 m frå kraftstasjonen og opp til røyrgata. Vidarer medfører utbygginga redusert vassføring i 1600m i Kreppingdalsånå. Planlagt minstevassføring er 17 l/s om sommaren (1/5 – 30/9) og 20 l/s resten av året. Kraftstasjonen skal plasserast ovanfor dyrka mark på Storemo.

#### **Lovar, føresegner, rundskriv**



## HJELMLAND KOMMUNE

Søknadane blir behandla i NVE etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter §8.

### **Økonomiske konsekvensar**

For kommunen har denne saka ikkje andre økonomiske konsekvensar enn eventuelle indirekte konsekvensar som t.d. auka skatteinngang.

### **Gjeldande planar, retningsliner og vedtak**

Alle tre kraftverka er planlagde i område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-føremål. Sjølve kraftstasjonen til Kreppingdalen kraftverk blir liggjande i omsynssone – fareområde – fare for ras/steinsprang.

### **Innkomne uttalar**

Saka krev ikkje at andre gir uttale til kommunen, då andre instansar/interessentar gir sin uttale direkte til NVE.

### **Vurdering og konklusjon**

#### Sagånå kraftverk:

Kraftverket er planlagt i LNF-område i kommuneplanen.

INON er ei kategorisering av inngrepsfri natur inndelt i ulike soner etter kor langt det er til næraste større tekniske inngrep. Denne utbygginga medfører at 1816 dekar inngrepsfri natur i sone 2 (3 – 5 km frå inngrep) fell bort. Kraftgata skal gravast ned, og vil bli nokså lite synleg etter kvart, men det er planlagt å anleggja ein ny veg over deler av den nedgravde vassrøyren, og slik blir det også varige endringar i landskapet. Den største landskapsmessige endringa er etter rådmannen si vurdering knytt til den endra vassføringa. Sagånå er eit godt synleg landskapselement i Målandsdalen, og med denne reguleringa vil den bli mindre synleg.

Konsulentfirmaet Ecofact har utarbeidd ein biologisk utredning. Det er tre område med verdifulle naturtypar; ein beiteskog og to bekkekløfter. Alle tre lokalitetane er sett til klasse B, dvs. regionalt viktige. Konsekvens av utbygginga kan vera at ein del av dei planten, særleg mose og lav, som trivst i og langs bekken kan få dårlegare leveforhold når vannføringa blir mindre.

Det er ikkje kjent at det er raudlisteartar i området som blir berørt av utbygginga, forutan nokre stuva asketre. Vilt som måtte ha deler av leveområdet sitt i dette området, vil bli noko forstyrra i anleggsperioden, men det er liten grunn til å tru at det får særleg konsekvensar for viltet i driftsfasen. Dette området er ikkje eit viktig utfarstområde, men blir nytta til friluftsliv av dei som bur i området. I anleggsfasen blir friluftsliv kanskje mindre attraktivt i dette område, men heller ikkje for friluftslivet gir inngrepet dei heilt store konsekvensane. Opplevingsverdien er kanskje noko mindre med mindre vassføring i elvane. I samband med søknaden har Ecofact også vurdert konsekvensane for landbruksdrifta, og konkludert med at det ikkje har negative konsekvensar. Når det blir opparbeidd veg over vannvegen blir det for skogsdrifta sin del ein fordel.

#### Øvre Ullestadånå:

Øvre Ullestadånå ligg i LNF-område i kommuneplanen. Like nedstrøms for den planlagde kraftstasjonen ligg inntaket til Ullestad kraftverk (5MW) som er under utbygging i desse dagar. Det medfører at vassføringa i Ullestadelva blir endra frå inntaket ved Livastølsmyrane ned til kraftstasjonen ved Martebekken. Derifrå renn vatnet urørt til inntaket for Ullestad kraftverk ved Leite. Kraftstasjonen er plassert på kote 325 fordi det er ein foss frå kote 330 til kote 300 som blir synleg frå brua over fylkesvegen på kote 325. På den måten blir det visuelle inntrykket frå brua uendra, når vatnet blir slept på igjen frå kote 325. Elvestrekket som skal utnyttast går langs fylkesvegen og er delvis synleg herifrå. Det er registrert både strandsnipe og fossefall i elva, som



## HJELMELAND KOMMUNE

begge er på raudlista. Redusert vassføring kan få negative konsekvensar for desse. Det er friluftsiinteressar knytt til område ved Lyngsheia, men ein har vel ikkje oppfatta at denne delen av elva er der friluftsiinteressene er størst. Utfrå dei opplysningane som er gjevne i søknaden kan ikkje rådmannen sjå at utbygginga vil ha særlege negative konsekvensar for jord- eller skogbruk. Rådmannen meiner at dei største negative konsekvensane er knytt til landskapsopplevinga som blir endra med mindre vassføring og til mulige negative konsekvensar for fugl- og planteliv i og i tilknytning til elva. På pluss sida kjem dei samfunnsøkonomiske sidene som auka verdiskaping.

### Kreppingdalen:

Kraftverket er planlagt i LNF-område, og sjølve stasjonen også i omsynsområde –ras/skred. Søkjaren skriv sjølv at ingen område er registrert som skredutsatt. Rådmannen er usikker på kva som er grunnlaget for denne opplysninga, men i følgje skrednett.no ligg nedste delen av vannvegen og kraftstasjonen i aktsomhetsområde med fare for steinsprang, snøskred og jordras. Det er opplysningar i skrednett.no som har vore grunnlag for omsynssonene som er lagt inn i kommuneplanen. Det er ikkje sikkert at eventuelle skredhendingar vil få særleg alvorlege konsekvensar, då det vanlegvis ikkje er folk som arbeidar på kraftstasjonen.

I forhold til naturverdiar skriv søkjaren at det er ask i utbyggingsområde, ask er på Norsk raudliste og kategorisert som nær trua (NT), vidare er det ein fugleart som held til i område som er sterkt trua (EN) på Norsk raudliste. Rådgivende biologer AS har utarbeidd ein eigen rapport i forhold til biologisk mangfald. Denne utbygginga medfører at 2,93 km<sup>2</sup> inngrepsfri natur i sone 2 (3 – 5 km frå inngrep) fell bort. Slik rådmannen oppfattar den omsøkte utbygginga vil den ikkje vera til hinder eller ulempe for landbruksdrifta i området, eller vera til hinder for å driva friluftsliv i området. Ei elv med redusert vassføring gir rett nok ikkje den same opplevinga som ei utemd elv.

Oppsummert så vil påverknaden av sjølve anleggsverksemda i forhold til ein sterkt trua fugleart, truleg vera den største negative konsekvensen av denne utbygginga. For natur-, friluftsliv og landbruksinteressene elles er konsekvensane relativt små. På plussida kjem auka sysselsetting i anleggsperioden, og delvis i driftsfasen.

### Samla vurdering – konklusjon:

Kraftverk er ikkje eit eige føremål i kommuneplanen vår, og me har ikkje ein eigen kommunal plan for dette. Den fylkeskommunale strategien for små kraftverk gir heller ikkje konkrete føringar for det einskilde vassdraget. Det medfører at alle nye planar om kraftverk vil vera i strid med kommuneplanen. Det betyr ikkje at kommunen ikkje vil ha nye småkraftverk, men gjennom høyringsrunden har kommunen høve til å ta stilling til om og korleis ein ønskjer desse kraftverka. Utbygging av vasskraft har mange positive sider – blant anna gir dei ny fornybar energi og dei generar verdiskaping i kommunen. På den andre sida er det inngrep i natur- og kulturlandskap, og dei kan ha konsekvensar for naturmangfald og folk sine muligheter til å driva friluftsliv. Dei ulike interessene må vegast mot kvarandre, og kommunen må ta stilling til om ein ønskjer eller om ein ikkje ønskjer utbygging av dei omsøkte kraftverka. Rådmannen si vurdering er at ingen av desse tre omsøkte kraftverka kjem i veldig stor konflikt med andre interesser, kvar for seg. NVE ber også om ei vurdering i forhold til sumverknaden av desse og andre tiltak i området. Det er ei kjennsgjering at veldig mange vassdrag i Hjelmeland er påverka av vasskraftutbygging. Viss ein ser på kartet som er vedlagt frå NVE, ser ein at i dette sørlege området mellom Øvre og Nedre Tysdalsvatn og Lysefjorden så er det , om alle planlagde kraftverk blir bygde, ikkje mange urørte vassdrag, elvar og bekkjer igjen. Også i Jøsenfjorden er mange av bekkjene og elvane utbygde, eller planlagd utbygde. Rådmannen har ikkje kunnskap nok til å hevda at den samla effekten av alle desse allereie utbygde og planlagde utbyggingane vil vera veldig negativ. Utfordringa er vel at ingen har vurdert den samla effekten, då kvar utbyggar må gjera greia for konsekvensen av utbygginga innafør sitt område. Spørsmålet blir då



**HJELMELAND  
KOMMUNE**

kven som skal ta ansvar for å vurdera den samla effekten? Dersom Hjelmeland kommune meiner det er eit poeng at det skal vera elvar og bekkjer som får renna utemde i heile strekninga, så må ein kanskje gjera ei vurdering av kva for nokre ein vil prioritera, før alle er utbygde. I dag er det to vassdrag som er varig verna mot kraftutbygging i Hjelmeland. Det er Vormovassdraget og Nordalsvassdraget (ligg også i Suldal kommune).

Av dei tre omsøkte kraftverka i denne omgang er det nok Øvre Ullestadånå som er den utbygginga som flest folk vil leggja merke til, men også Sagånå vil ha ein synleg landskapseffekt. Kreppingdalen er kanskje den som har størst negativ konsekvens i forhold til biologisk mangfald fordi den påverkar i leveområdet til ein sterkt trua art. På plussida gir Sagånå størst gevinst i form av produsert energi. Rådmannen finn ikkje grunnlag for å tilrå at kommunen skal vera negativ til nokon av dei omsøkte kraftverka, fordi ingen av dei har veldig store negative konsekvensar for dei allmenne interessene, og fordi samfunnsnytta av utbygginga er større enn ulempene.